

## Saksprotokoll i 14.02.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Statens vegvesen vedtok reviderte skiltplanar for Stordals-prosjektet den 02.12.2019. Før vedtaket var planane på formell høyring til kommunen og politiet. Det vart også sendt på høyring til Skånevik Fjordhotell, sidan skilt til dei også var del av planen. Planane omfattar mellom anna nye visningsskilt til Husnes med ferjesymbol, og visning til Skånevik fjordhotell.

Eit av skiltoppsetta i det nye krysset vil etter planen sjå slik ut:



Skiltplanane vart oversendt til utføring hjå driftseininga i Statens vegvesen den 27. november 2019. Kort tid etter vart bestillinga stadfeste hjå driftsentreprenøren. Statens vegvesen sin byggeleiar opplyser pr telefon i dag at det har vore forseinking i leveransane frå skiltfabrikken, og at entreprenøren no har lovd skilta på plass i løpet av 2-3 veker.

Når det gjeld sjølve innhaldet på skilta er det Statens vegvesen som er skiltmynde både på riksveg og på fylkesveg. Statens vegvesen har gjort greie for dette i eit svar til ein tildlegare førespurnad om same sak.»